

# Høyringsnotat

---

Nr.

Vår ref

Dato 22. september 2016

---

## **Forslag til forskrift om fordeling av herrelaus arv til frivillig verksemd til fordel for barn og unge**

### **1. Innleiing**

Endringar i arvelova som tråtte i kraft 1. september 2015 inneber at dersom ein avdød ikkje har slektningar, ektemake eller sambuar som arvar han, og han ikkje har gjort testament om arven, skal nettoformuen fordelast til frivillig verksemd til fordel for barn og unge. Kongen kan i forskrift gi nærmare føresegner om ordninga for fordeling av formuen til slik verksemd.

Lova peiker ut det formålet som arven skal gå til, men ho tek ikkje stilling til kven verdiane meir konkret skal delast ut til, eller korleis dette skal gjerast. Dette skal regulerast i denne forskrifta, jf. § 46, andre punktum.

Kulturdepartementet legg fram forslag til forskrift om herrelaus arv.

Stortinget fastset eit årleg beløp på bakgrunn av berekna herrelaus arv motteke av staten to år tidlegare. Årlege beløp endrar seg i tråd med variasjonar i samla nettformue til formålet. Dei seinare åra har herrelaus arv til staten utgjort ein stad mellom 3 og 20 millionar kroner kvart år, med eit snitt på om lag 10 millionar kroner.

## **2. Om formålet**

Herrelaus arv skal gå til frivillig verksemd for barn og unge.

I innstillinga frå justiskomiteen, jf. Innst. L (2014-2015) viser fleirtalet i komiteen til at aktivitetar i frivillige organisasjonar er blant dei viktigaste fritidsaktivitetane for barn og unge. Fleirtalet var av den oppfatning at å fordele midlane til organisasjonar som driv med aktivitetar for barn og unge, vil vere eit samlande føremål. Vidare heiter det at "for lag og organisasjonar som driver aktivitetar for barn og unge, vil nok disse midlene komme godt med".

I Prop. 18 L (2014-2015) er det lagt til grunn at midlane skal nyttast til verksemd for barn og unge, inkludert barn og unge med nedsett funksjonsevne. Barn og unge med nedsett funksjonsevne deltek i mindre grad enn andre i organiserte fritids- og idrettsaktivitetar, samtidig som det er særleg viktig for denne gruppa å kunne delta i sosiale aktivitetar. Frivillig organisasjonar skapar møteplassar der medlemmene deltar i aktivitetar dei sjølve vel og der dei kan utvikle ferdigheiter og møte andre barn og unge. Departementet ser det derfor som ønskeleg at ein vesentleg del av midlane skal gå til verksemd for barn og unge med nedsett funksjonsevne.

## **3. Mottakarar av midlane**

Herrelaus arv er ei tilskotsordning med avgrensa midlar. Eit vidt formål og ei lite definert målgruppe vil kunne føre til ei stor oversøking. Det er ikkje ønskeleg at organisasjonar skal bruke tid på søknadar som dei mest sannsynleg ikkje vil kunne få midlar til. Det vil ikkje vere i tråd med rettleiaren "Forenkling av statlige tilskuddsordningar for barne og ungdomsorganisasjoner", der eit buskap er at det offentlege bør sjå ulike tilskotsordningar i samanheng og gjere det enklare for mottakarane.

Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) forvaltar ordninga Frifond som har som føremål å stimulere aktivitet og deltaking lokalt for barn og unge. Gjennom Frifond mottar mange barne- og ungdomsorganisasjoner støtte. Aktivitetar som går føre seg i frivillige organisasjonar innanfor idrett, kunst og kultur er blant dei viktigaste fritidsaktivitetane for barn og unge. For funksjonshemma barn og unge skjer mykje aktivitet i dei ordinære pasient- og brukarorganisasjonane. Departementet foreslår difor at herrelaus arv er open ikkje berre for barne- og ungdomsorganisasjoner, men for alle nasjonale og regionale frivillige organisasjonar som driv frivillig verksemd for barn og unge.

Det vil og være mogleg for Norges idrettsforbund og olympiske komité å søkje. Slik vil ein kunne sikre at midlane vert fordelt til ulike frivillige aktivitetar til fordel for barn og unge i frivillige organisasjonar.

Som ei følgje av dette vil det òg vere naturleg at aktivitetar som får støtte frå ordninga er av ei viss storleik. Det er samstundes ikkje ønskeleg at ein eller to organisasjonar legg

beslag på heile ordninga. Departementet legg difor til grunn at LNU kan setje ei nedre og øvre grense på tilskotsbeløpa.

Med barn og unge reknar ein personar som er under 26 år i tråd med rettleiaren "Forenkling av statlige tilskuddsordninger for barne- og ungdomsorganisasjoner".

Det er viktig at allmenta kan få informasjon om kva midlane frå herrelaus arv vert nytta. Søknadar og rapportar om bruken av midlane skal være offentleg tilgjengelege. Krav om registrering i Frivillighetsregisteret betyr at òg informasjon om søkjaren vil vere offentleg tilgjengeleg.

#### **4. Fordeling av midlane**

I tråd med Prop. 18 L (2014-2015) legg Kulturdepartementet opp til ei fordeling av herrelaus arv i regi av Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU). LNU fastset retningslinjer, som vert godkjende av departementet.

#### **5. Evaluering**

Når fordelinga av midlane har virka i tre år er det naturleg å gjennomgå erfaringane for å vurdere om det er behov for justeringar.